



I dette huset vert det 6 leilegheter.

Forvaltningskomiteen har gjeve dispensasjon slik at Valo Eigedom (Geir Rusten) får bruksendring for 5 brukseiningar i det såkalla Mollobygget. Tidlegare er det ei bustadeining der men no vert det 2 i kvar etasje og tilsaman 6. Det vert og søkt om 4 sportsboder, kvar på 5 kvadratmeter. Bygget skal tilpassast krav for omsorgsbustader og er også tenkt brukt til dette føremålet. Fordelane ved å gje dispensasjon er klårt større enn ulempene etter ei samla vurdering. Det skal ikkje drivast næring vidare i bygget.

Det vert gjeve dispensasjon til avkøyrsløp på nordsida av bygget. Dei må vera på nedsida av bygget då det ikkje vert godkjent plassar på søraustsida med innkøyring direkte frå fylkesvegen. Det skal monterast støysikre vindaugo i bygget.

Bygget ligg sentralt i Uskedalen og i næringsområde. Det er bustadområde rundt på to sider. Rådmannen strekar under at dette er ein stad i vekst og at det er trong for fleire bustader. Det er positivt at eksisterande bygg kan nyttast til ny bruk når andre vert avvikla og ikkje ført vidare.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen
Foto: Thor Inge Døssland